



NORSK LOVTIDEND

Avd. I Lover og sentrale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 27. mars 2020 kl. 16.50

PDF-versjon 6. april 2020

27.03.2020 nr. 463

Mellombels forskrift om unntak frå reglane om fysisk møte i samvirkeforetak som følgje av utbrotet av covid-19

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 27. mars 2020 med heimel i midlertidig lov 27. mars 2020 nr. 17 om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19 mv. (koronaloven) § 2, jf. lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova) og lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer (revisorloven). Fremma av Nærings- og fiskeridepartementet.

Kapittel 1. Føremål

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å leggje til rette for at saksbehandlinga i styret, årsmøtet og andre organ i samvirkeforetak kan skje utan personleg frammøte.

§ 2. Forholdet til samvirkelova, forskrift fastsett i medhald av lova og vedtektene

Ved motstrid går føresegnene i denne forskrifta føre det som er fastsett om saksbehandlinga til styret, årsmøtet og andre foretaksorgan i lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova), lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer (revisorloven), forskrift fastsett i medhald av lov, og vedtektene til samvirkeforetaket.

Kapittel 2. Unntak frå reglar i samvirkelova

§ 3. Unntak frå krav om å halde fysiske styremøte mv.

(1) Styreleiaren kan avgjere at styret skal behandle og avgjere kvar sak i telefon- eller videomøte, skriftleg eller på annan forsvarleg måte utan at styremedlemmane er fysisk samla. Alle styremedlemmane skal lengst råd få vere med på ei samla behandling av saker som skal behandlast utan møte.

(2) Om saksbehandlinga skjer i fysisk møte, kan kvart styremedlem krevje å få delta per telefon eller video eller på annan forsvarleg måte utan å vere fysisk til stades. Det same gjeld dagleg leiar, revisor og andre for saker der desse har rett eller plikt til å delta.

(3) Protokollen frå styremøtet kan signerast ved bruk av elektronisk signatur.

(4) Første og andre ledd gjeld tilsvarande for styrets møte med revisor etter revisorloven § 2-3.

§ 4. Unntak frå krav til å halde fysisk årsmøte mv.

- (1) Styret kan vedta at årsmøtet skal haldast utan personleg frammøte, medrekna ved bruk av telefon- eller videomøte eller på annan forsvarleg måte.
- (2) Styret skal leggje til rette for at alle medlemmane kan delta og røyste, og skal syte for at deltaking og røysting kan kontrollerast på forsvarleg måte. Styret kan fastsetje nærare føresegner til deltakinga og røystinga og kan gi medlemmane rett til å røyste på førehand.
- (3) Styret skal så langt mogleg leggje til rette for at revisor, dagleg leiar og andre som har rett eller plikt til å delta i årsmøtet, kan delta utan å vere fysisk til stades.
- (4) Første og andre ledd gjeld tilsvarande ved val av utsendingar etter samvirkelova § 37.
- (5) Protokollen frå årsmøtet kan signerast ved bruk av elektronisk signatur.
- (6) Årsmøte som det er innkalla til i løpet av gyldigheitsperioden til denne forskrifta, jf. § 6, kan haldast etter føresegnene i denne forskrifta.

§ 5. Unntak frå krav til å halde fysiske møte i representantskapet, kontrollkomiteen og andre foretaksorgan

Har samvirkeforetaket representantskap, kontrollkomité eller andre organ, gjeld føresegnene i § 3 så langt dei høver.

Kapittel 3. Varigheit og iverksetjing**§ 6. Varigheit**

Forskrifta gjeld så lenge førebels lov 21. mars 2020¹ om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19 mv. (koraloven) gjeld.

¹ Skal være midlertidig lov 27. mars 2020 nr. 17, Lovtidend-redaksjonens anm.

§ 7. Iverksetjing

Forskrifta vert sett i verk éin dag etter at Stortinget har fått skriftleg melding om forskrifta, med mindre Stortinget innan den tid har meldt at forskrifta skal opphevast.